



# Vestlandske Teatersenter

## Årsmelding

2002



## **INNHALD**

1.	Vestlandske Teatersenter i storm og stille	s.
2.	Innleiing	s.
3.	Fråsegn frå styret 2002	s.
4.	Resultatrekneskap	s.
5.	Revisjonsmelding	s.
6.	Styret, valnemnd og revisor	s.
7.	Personalet	s.
8.	Aktivitetar i 2002	s.
9.	Vedtekter for Vestlandske Teatersenter	s.

## **1. VESTLANDSKE TEATERSENTER I STORM OG STILLE**

Folk som har levd ei stund har vendt seg til at livet går i bølgjedalar. Det gjelder også for organisasjons- og næringslivet. Vestlandske Teatersenter er inga unntak. År 2002 vart nok eit turbulent år for organisasjonen, med eit nomadisk liv på flyttefot frå stad til stad. Alle som har opplevd ein flytteprosess veit at livet med pappøskje og plastsekker tærer på humør og virkelyst. Dei siste lyskastarane og kulepennane var på plass i Barnas Hus like før jula sette inn. Då var det godt å få tid til å setje seg ned og sjå tilbake på året som var i ferd med å ebbe ut.

Sjølv om VT har vore råka av mange utforutsette vanskar, har aktiviteten vore større enn nokon gang. Det kan virke sjølvomsigande, ja til og med uetterretteleg. Men det står i årsmeldinga svart på kvitt, dokumentert gjennom rapportar og tal. Leiinga ved Vestlandske Teatersenter takker eit lojalt og hardt arbeidande personale for den formidable innsatsen dei har gjort i året som gjekk. Utan deira hjelp og stå-på vilje er det ikkje godt å seie kor vi hadde funnet oss i geografien i dag!

Ein stor takk skal også rettast til styret for den innsatsen dei har gjort for VT, dei har styrt oss gjennom ureint farvatn og fått båten til å bere. Det er godt å vite at vi er vel i hamn.

Dei positive sidene ved VT si verksemd skal ikkje setjast i skuggen av dei negative. Tvert om. Det er aktiviteten og samværet med entusiastiske barn og unge som gjer oss glede og overskott til å stå på. Det trur eg jubileumsframsyninga i desember viste med full tyngde. Då VT fylte 35 år den 7. desember, var det entusiasmen og spelegleda som regjerte både hos lærarar og elevar på Teaterskolen. Festframsyninga ga rom for alle dei 150 elevane på scena samtidig. Det vart ei oppleveling både for liten og stor. Slikt skapar samhald.

Vi kan trygt seie at i år 2002 var VT eit teatersenter for alle generasjonar. Det er vi stolte av. Dei aller minste fekk nytte godt av *Fargeklatten*, ei framsyning for 1-3 åringar. Vi har også laga *Magiske timer* for eldre barnehagebarn og skolebarn. *Flukten fra Bergen* har gitt barn i 4.-6. klasse innsikt i jektefarta på 1800-talet, mens ungdom fekk oppleve *Global Kicks* om rasisme og framandfrykt. I samarbeid med DNS kunne den same aldersgruppa få med seg *Linje 90* på Lille Scene, som handlar om ungdom og deira søking etter identitet og samhørighet.

For dei som har nådd middagshøgda var diktkursa til Eva Bergh ei oppleveling. Det er godt å sjå at kreativiteten og entusiasmen på ingen måte svinn med åra. Eg trur ikkje det er mange andre teatersenter i landet som kan skilte med slikt mangfold og breidde. Det inspirerer og utfordrar til nye tiltak.

Målet er å gje barn og unge ein sterk posisjon i kulturlivet, og å synleggjere og profilere VT si verksemd både lokalt og nasjonalt. Vi har håp om at den nye barne- og ungdomsteaterleiar utdanninga vår, VETLU, kan nå ut til kulturskoler, skoler, amatørteater og lokale eldsjeler over heile landet. Det er viktig å ha visjonar og ambisjonar, men ein god porsjon realisme og økonomisk sans er heller ikkje av vegen. Eit liv med svingande konjunkturar har lært oss det. Men utan visjonar og ambisjonar kjem vi ingen veg, og det strider mot VT sin natur. Vi bretter opp ermene, og med fast blikk inn i framtida går vi laus på dei mange nye utfordringane. La meg avslutte med eit motto for framtida: Vestlandske Teatersenter, - kulturoperatørar for barn og unge på Vestlandet!

Med helsing

Annicke Gill  
kunstnarleg leiar

## **2. INNLEIING**

Vestlandske Teatersenter (VT) har hatt stor aktivitet i år 2002. Vi har auka verksemda på kompetansesenteret med fleire framsyningar og pedagogiske tiltak retta mot skole og barnehage. Innanfor vårt nye satsingsområde **Ungdom spelar for ungdom** har vi fokusert på haldningsskapande tiltak. Vi har sett lys på rasisme og framandfrykt, ungdom og villmanns køyring, identitetssøking og psykisk helse.

Når det gjeld utdanning og opplæring har VT satt i gang ein ny kursrekke som er utgangspunktet for vår nye storsatsing på barne- og ungdomsteaterleiar-utdanning. Vi vil tilby utdanninga til kulturskolar, skolar, amatørteaterorganisasjonar o.a. Vi ønskjer også å gjere utdanninga kompetansegjevande ved å samarbeide med ein eller fleire høgskolar

Eit pilotprosjekt retta mot museumspedagogar blei òg starta. Hordaland fylkeskommune og VT samarbeider om eit formidlingsprosjekt som inneheld opplæring i ulike dramametodar, samt konkrete prosjekt retta mot einskilde museum.

Sjølv om aktiviteten har vore høg, har 2002 også vore eit vanskeleg år for VT. Vi har, av ulike årsaker, flytta to gongar i løpet av hausten, og det har medført økonomiske problem for verksemda. Frå desember blei vi samlokalisert med barnekultursenteret *Barnas Hus*, og har stor tru på at vi kan nytte godt av kvarandre sin kompetanse, og utvikle nye prosjekt og tiltak saman.

### **3. FRÅSEGN FRÅ STYRET 2002**

- kommer –

### **4. REKNESKAP 2002**

#### **Resultatrekneskap**

	Note	2002	2001
<b>Driftsinntekter</b>			
Tilskot	2	2 665 138	2 485 236
Andre inntekter		1 680 100	1 228 341
Sum driftsinntekter		<u>4 345 238</u>	<u>3 713 577</u>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønskostnad	4	2 322 382	2 372 611
Andre driftskostnader		1 719 815	1 456 811
Sum driftskostnader		<u>4 042 197</u>	<u>3 829 422</u>
Driftsresultat		<u>303 041</u>	<u>-115 845</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annan renteinntekt		8 273	19 085
Annan rentekostnad		6 025	3 697
Netto finansinntekter		<u>2 248</u>	<u>15 388</u>
Årets resultat		<u>305 289</u>	<u>-100 457</u>
<b>Overføringer:</b>			
Udekka tap		<u>305 289</u>	<u>-100 457</u>

**Balanse pr. 31. desember**

	<b>Note</b>	<b>2002</b>	<b>2001</b>
<b>Anleggsmidlar</b>			
<i>Finansielle eigendelar</i>			
Investering i aksjar		1 000	1 000
Andre fordringar	5	5 000	8 000
Sum finansielle eigendelar		<u>6 000</u>	<u>9 000</u>
<b>Omlaupsmidlar</b>			
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		0	61 115
Andre fordringar		<u>65 097</u>	<u>106 170</u>
Sum fordringar		<u>65 097</u>	<u>167 285</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande		<u>216 791</u>	<u>168 418</u>
Sum omlaupsmidlar		<u>281 888</u>	<u>335 703</u>
Sum eigendelar		<u>287 888</u>	<u>344 703</u>
<b>Eigenkapital</b>			
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Udekka tap		<u>-86 674</u>	<u>-391 963</u>
<b>Gjeld</b>			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kreditinstitusjonar		0	215 715
Leverandørgjeld		755	48 300
Skuldig offentlege avgifter		<u>112 558</u>	<u>151 771</u>
Annan kortsiktig gjeld		<u>261 249</u>	<u>320 880</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>374 562</u>	<u>736 666</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>287 888</u>	<u>344 703</u>

## Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

### Inntekter

Inntektsføring ved salg av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet.

### Klassifisering og vurdering av balansepostar

Anleggsmidlar er eigendelar meint til varig eige og bruk i verksemda. Anleggsmidlar blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet vil være forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost. Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år samt postar som knyter seg til varekrinslaupet. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar blir vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydende.

## Note 2 - Tilskot

	2002	2001
Norsk Amatørteaterråd	868 138	842 236
Kulturdepartementet	895 000	869 000
Bergen Kommune	695 000	570 000
Hordaland Fylke	207 000	204 000
Sum	<u>2 665 138</u>	<u>2 485 236</u>

## Note 3 - Bundne bankmidlar

Av inneståande på bankkonti 31.12. er kr 24 269 bunde som tryggleik for skattetrekksmidlar.

## Note 4 - Løn, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	2002	2001
Løn	2 015 421	2 000 722
Folketrygdavgift	265 829	272 394
Andre ytingar	<u>41 132</u>	<u>93 399</u>
Sum	<u>2 322 382</u>	<u>2 366 515</u>
Gjennomsnittleg tal på tilsette	5	5

Lønn                    Andre  
                          godtgjersler

### Godtgjersler

Dagleg leiar	144 000	0
Styret	0	25 000

### Revisor

Revisjonshonoraret for 2002 utgjer 15 000. I tillegg kjem andre tenester med 1 000. Alle beløp er eksklusiv mva.

**Note 5 - Fordringar med forfall seinare enn eitt år**

	<b>2002</b>	<b>2001</b>
Fordringar	5 000	8 000

**5. REVISJONSmelding**

- kommer -

## 6. STYRET, VALNEMND OG REVISOR

<b>Styreleiar</b>	Jo Høyre	attval
<b>Styremedlem</b> (nestleiar)	Berit W. Eldøy	representerer..... Turid Fadnes er vara
<b>Styremedlem</b>	Beate Solvik	ikkje for val, representerer foreldra
<b>Styremedlem</b>	Berit Snøan	ikkje for val
<b>Styremedlem</b>	Kristin Lie	på val som styremedlem for 2 år
<b>Styremedlem</b>	Tormod Carlsen	oppnemnt av Bergen Kommune varamann er Sverre Tvinnereim
<b>Styremedlem</b>	Frøydis Flotve	representant for dei tilsette
	Edle Svendsen Lunde	attval som 1.
	Hallvard Gomo	vararepresentant attval som 2. vararepresentant, for foreldra

**Frå administrasjonen** (tale og forslagsrett, ikkje stemmerett)

<b>Valnemnd</b>	Peter Magnus Berit Berge Håkon Dahle
<b>Revisor</b>	Alf Borthne – Ernst & Young

## VTs REPRESENTASJON

Hordaland Teater                                  Annicke Gill Haukås

## 7. PERSONALET

VT hadde i 2002 6 fast tilsette og 2 sivilarbeidrarar. Personale har vore organisert ved adm.leiar, kunstnarleg leiar, tre teaterpedagogar

Namn	Tittel	Arbeidsoppgåver
Annicke Gill Haukås	Kunstnarleg leiar	Kunstnarleg ansvarleg, perm. til august
Steinar Thorsen	Fung. kunstnarleg leiar	fram til aug.
Øyvind Haugland	Konsulent	fram til 1. juli
Frøydis Flotve	Teaterpedagog	Leie og samordne verksemda ved teaterskolen. Undervise
Kristin Saltkjelvik	Teaterpedagog	Undervise ved teaterskolen, skodespelar, prosj.medarbeidar
Camilla Svingen	Teaterpedagog	Undervise ved teaterskolen, kurshaldar, skodespelar, prosj.medarbeider og manuskonsulent (DRAMAS)

Tormod Carlsen	Fung. adm.leiar	hausten 2002, daglig leiing, styresekretær
Anne-Lise Nordgulen	Informasjonsmedarbeider	okt., nov. (slutta januar 2003)

## Frilansarar VT 2002

Eva Bergh	Arild Breistøl	Tor Martin Eriksen
Marit Gjøen	Øydis Hoff	Margareth Hosøy
Jo Høyer	Olaf Knarvik	Paul-Erik Lilleholm
Marte S. Liset	Jan H. Michelsen	Harald Midthun
Camilla M. Olsen	Tone Olsen Solerød	Siv Torunn K. Pettersen
Geir Olav Repål	Silje M. Silden	Jarle Solheim
Eirik Tveiten	Nina Østensen	Christian Teigland
Susann Bugge Kambestad	Cecilie Andersen	Berit Solstad Eggen
Andreas Holt	Ida Willassen	

## 8. AKTIVITETAR 2002

Vestlandske Teatersenter har hatt stor aktivitet i året som gjekk. I år 2002 auka vi talet på framsyningar og samarbeidsprosjekt med andre institusjonar og organisasjonar.

Drifta er som tidlegare tredelt:

- Kurs og kompetansesenteret
- Teaterskolen for barn og unge
- Medlemsservice og amatørteaterarbeid

Gjennom prosjekt med nye samarbeidspartnalar som ikkje har teater som ein del av verksemda, har Vestlandske Teatersenter auka sin kompetanse og utvida området for eiga verksemd. Vi har produsert fleire framsyningar enn før, mellom anna med didaktiske eller haldningsskapande siktemål. Vi har initiert fleirkulturelt samarbeid, engasjert unge forfattarar til manusutvikling saman med barn og unge, og vi har samarbeidd med etablerte institusjonar som DNS, Hordaland Teater, Hordaland Vegkontor, Statens Utdanningskontor, museum og skoler i Bergen og andre kommunar i Hordaland.

## KOMPETANSEENTERET

### HOVEDMÅL

*Vestlandske Teatersenter skal vere eit kompetanse- og opplæringssenter for teater, med særskilt ansvar for barn og unge.*

*VT skal formidle kompetanse på lokalt og regionalt nivå. På områd der VT har spisskompetanse skal denne formidlast på nasjonalt nivå.*

## NYE UTVIKLINGSPROSJEKT

### Nye VETLU

VT har sidan 1985 hatt sin eigen barne og ungdomsleiarutdanning (VETLU).

Ettersom nye drama- og teatermetodar er utvikla dei seinare åra, har VT følt behov for å oppdatere og vidareutvikle VETLU. I år 2002 fekk VT midlar frå VOX for å lage eit forprosjekt til barne- og ungdomsleiarutdanninga. I haust laga vi forprosjektet med forslag til ei modulbasert kursrekke, til saman 8 kurs med 12- 15 timars lengde. Total undervisningstid: 96 - 120 timer.

#### Innhald:

- 1 Introduksjon og improvisasjon
- 2 Munnleg forteljing
- 3 Dramaforløp
- 4 Forumteater
- 5 Frå idé til framsyning 1

- 6 Frå idè til framsyning 2
- 7 Dramaturgi
- 8 Regi

#### *Formål*

Teaterleiarutdanninga skal gje deltakarane eit betre grunnlag for å planleggje, tilretteleggje og leie ulike teateraktivitetar for barn og unge.

#### *Målgruppe*

Lærarar i kulturskole, skole, SFO, leiarar innan amatørteater, samt bibliotekarar og museumspedagogar.

#### *Distribusjon*

Norsk kulturskoleråd, Folkekulturforbundet; Norsk Amatørteaterråd, Norsk Museumsutvikling m. f.

#### *Langsiktig mål*

Å knytte VETLU til ein eller fleire høgskolar for å gje eit desentralisert kompetansegevande tilbod.

## MUSEUMSPEDAGOGIKK

VT har lenge hatt drama- og teaterprosjekt tilknytt ulike museum som eige satsingsområde. **Museet som scenerom** har hatt høg prioritet sidan 1995. Hausten 2002 mottok VT prosjektstøtte til eit nytt utdanningsprosjekt for museumspedagogar.

Ei målsetting frå sentralt hold i følgje Stortingsmelding 22,- ABM-meldiga og Museumsplan for Hordaland 2002, er det viktig å satse på formidling til barn og unge. Tilsetjing av museumspedagogar på dei fleste museum, er ein strategi for å nå målsettinga. Det finst inga relevant utdanning spesifikt retta mot museumspedagogar. Difor har VT teke initiativ til eit prosjekt for denne yrkesgruppa.

## VERDIDEBATT I GRUNNSKOLE OG VIDAREGÅANDE SKOLE

VT mottok hausten 2002 midlar frå Statens Utdanningskontor i Hordaland for å lage eit program til prosjektet "verdidebatt i skolen". Tema er identitet og forventningspress. Vi nyttar tekstar frå nynorskspråklege forfattarar, og vil fokusere på eigenverd og menneskerettar, som er sentrale omgrep i verdidebatten.

#### *Målgruppe*

Elevar på ungdomstrinnet og vidaregåande skole. Oppsøkjande prosjekt.

## FRAMSYNINGAR

#### *Global Kicks*

Våren 2002 starta samarbeidet mellom Vestlandsheimen Statlige Asylmotak, Bergen Internasjonale Kultursenter og Vestlandske Teatersenter. Framsyninga **Global Kicks**, mot rasisme og framandfrykt, blei produsert med midlar frå UDI. 15 ungdomar frå dei tre samarbeidspartnerane deltok i prosjektet som strekte seg over 9 månader. Frå Vestlandske Teatersenter deltok ein teaterregissør som er utdanna i Irak. Han lot ungdom frå Noreg og fire andre nasjonar improvisere fram handlinga i framsyninga. Global Kicks vart vist 10 gonger for ungdomstrinnet i grunnskolen. Om lag 2500 tilskodalar.

#### *Hordaland Vegkontor*

Hordaland Vegkontor har satsa på nye formidlingsmåtar i kampen mot trafikkdøden langs vegane, ein av dei er teater. Samarbeidet mellom Vestlandske Teatersenter og

Hordaland Vegkontor starta i 1997, og sidan då har vi hatt kontinuerleg dialog og kontakt om utvikling av nye prosjekt. Samarbeidet er retta mot førebyggjande og haldningsskapande tiltak for barn og unge. Framsyninga **Englevakten** som fokuserer på ferdsle langs skolevegen er retta mot 6 - 8 åringar. Framsyninga vert avslutta med ein pedagogisk del der barna deltek i spelet.

Hausten 2002 starta manusutvikling og prøver på **RV 555**, ei framsyning for vidaregåande skoler, som lekk i kampen for å berge liv på vegane. Tematikken er ungdom og villmannskjøyring. Forfattar Eirik Tveiten har utvikla manus i samarbeid med fire ungdom i same alder som målgruppa. Prosjektet inneheld ei framsyning og ein debattdel. Framsyninga får premiere 17.februar 2003 og skal visast i vidaregåande skoler i Hordaland. Hordaland Vegkontor har tinga 30 framsyningar.

#### *Ungdom spelar for ungdom*

Har vi kalla vårt nye satsingsområde. Vi har stor tru på at bodskapen i haldningsskapande arbeid har større gjennomslagskraft når framsyningane vert framført av ungdom på same alder som målgruppa. Vestlandske Teatersenter har knytt til seg teaterskolert ungdom som har lang fartstid på teaterskolen vår. Manusutvikling gjennom improvisasjonar og workshops har gitt framsyningane eit ungdommeleg språk og innhald, og har fremma kontakten mellom scene og sal.

**Linje 90** er skrive av Eirik Tveiten, i nært samarbeid med dei fem ungdomane som deltok. Tematikken har fokus på ungdom og søking etter identitet. Tittelen Linje 90 er henta frå ein belasta bussrute i Bergen, der det skjer mykje hærverk, særleg i helgane.

#### *Målgruppe*

Ungdom, i sær dei som sjeldan oppsøkjer DNS.

#### *Samarbeidspartnarar*

Den Nationale Scene, Bergen kommune, Hordaland Folkeakademi og Hordaland fylkeskommune.

#### *Vår 2002*

Framsyningar på DNS sin Lille Scene.

Også **Global Kicks** og **Rv 555** høyrer inn under dette satsingsområdet. Neste prosjekt skal sette fokus på ungdom og psykisk helse. Teater Ung, eldste klassen på Teaterskolen, starta prosjektet hausten 2002.

#### **FORFATTARSAMARBEID**

Tor Arve Røssland skreiv manus til framsyninga **Huldra** i samarbeid med Teater Ung. Framsyninga hadde premiere i juni. Prosjektet vart støtta av Innkjøpsfondet for ny norsk dramatikk via Norsk Amatørteaterråd  
Eirik Tveiten har som tidlegare nemnt skrive **Linje 90** og **Rv 555**.

#### **DEN KULTURELLE SKOLESEKKEN**

Gjennom Bergen kommune fekk Vestlandske Teatersenter midlar frå "skolesekken" til to prosjekt. **Flukten fra Bergen**, om kystkultur og jektefart på 1800-talet.

Framsyninga er tenkt inn i eit maritimt miljø, som lokale kystmuseum, samt andre arenaer knytt til kystkultur, som kan vere høvelege spelelassar.

#### *Målgruppe*

4. og 5. klasse i grunnskolen.

#### *Samarbeidspartnerar*

Bergen Sjøfartmuseum, Kystsogevekene i Hordaland, Hordaland Folkeakademi og Barnas Hus.

#### **En helt blir til**

Ei annerleis omvisning på Den Nationale Scene. Skodespelar i rolle som omvisar.

*Manus og regi*

Vestlandske Teatersenter.

*Målgruppe*

Ungdomstrinnet i grunnskolen.

*Samarbeidspartnerar:*

DNS og Bergen kommune.

### **Magiske timer**

VT ønskjer å introdusere drama og teater som arbeidsmetodar for og med elevar og lærarar i grunnskolen i Bergen. Vi gjev også tilbod til barn i barnehagane. I **Den magiske timen** vert skoleklassar og barnehagar invitert til framsyningar og dramaforløp, der barna blir trekt inn i handlinga, får bruke kostyme, og får roller i framsyninga. Barna får problemløysande oppgåver, og er med på å bestemme slutten på handlinga. Vi følgjer opp kontakten med konsulenthjelp for lærarar og førskolepersonell som ønskjer å arbeide med drama- og teaterprosjekt i skole og barnehage.

## Bilder fra Bjørgvin

### *Handling*

Dagleglivet til handverkarar i Bjørgvin, samt bryllaupet til Eirik Magnusson og Katarina av Skottland i 1281.

### *Mål*

Å gje førskolebarn kjennskap til Bergen by si historie gjennom leik, dramaaktivitetar, song, dans og formingsoppgåver. Kvart år gir vi tilbod til barnehagar i Bergen om å delta i dette prosjektet.

### *Prosjektinnhald*

Introduksjonskurs om mellomalderen i Bergen for førskolelærarar.

Mellomalderprosjekt i barnehagane: Dramapedagogisk kursmateriell som inneholder: rettleiing til pedagogar, og 9 dramaforløp som skal gjennomførast i barnehagen.

Songar på kassett, noter, dansar, mønster til kostyme, menyforslag til mellomalderfest. Barna avsluttar prosjektet med å lage bryllaupet mellom Eirik Magnusson og Margareta av Skottland.

Prosjektet går over tre månader og avsluttast med ei stor gateframsyning i Bergen sentrum under Barnas Festspilldager.

### *Medverkande*

150 barn og vaksne frå lokale barnehagar, samt elevar frå Vestlandske Teatersenter sin teaterskole.

<b>Navn på framsyninga</b>	<b>Antal Medverkande</b>	<b>Antal framsyningar</b>	<b>Publikumstal</b>
Englevakten	3	41	2250
Global kicks	15	10	2500
Linje 90	5	9	360
En helt blir til	1	14	420
Flukten fra Bergen	3	26	2000
Bilder fra Bjørgvin	150	1	700
Magiske Timen i Fargeklatten	2	6	135
Troll og heksefest	2	1	25
Spøkelsesbursdag	2	2	36
Vinter og vår	2	3	60
<b>Totalt</b>	<b>185</b>	<b>113</b>	<b>8486</b>

## TEATERSKOLEN

### **HOVEDMÅL**

*Teaterskolen for barn og unge skal gi barn og unge i bergensdistriktet et nært forhold til scenekunst gjennom aktiv utøving og personlig opplevelse*

### **UNDERVISNINGSMÅL**

*Teaterskolen skal gjennom drama- og teateraktiviteter gi et undervisningstilbud tilpasset elevens aldersnivå og den enkeltes forutsentning for deltaking.*

Teaterskolen hadde i år 2002 8 klassar fordelt på 150 elevar frå 6 - 20 år.

Undervisninga er delt på to semester, med 14 undervisningsveker kvart semester.

VT har tilsett 5 teaterpedagogar og 10 assistentar til undervisninga. Vi samarbeider med Høgskolen i Bergen for å skaffar studentar praksisplass, og som assistentar på Teaterskolen

Undervisningstimar pr. veke: 24 timer. Rammetimetalet pr år er : ordinær undervisning, 730 timer, medrekna langprøver og framsyningar er totaltimetalet 770 timer.

Praksisplassar: 3 studentar frå Høgskolen i Volda. 15 timer undervisning på Teaterskolen, samt rettleiing av undervisningsleiar på VT.

Arbeidsveke: to elevar frå ungdomstrinnet i grunnskolen fekk opplæring i ei veke kvar.

År 2002 presenterte Teaterskolen 10 ulike framsyningar. Til saman deltok 150 barn og unge for om lag 2300 tilskodarar. Dersom vi inkluderer opningsframsyninga til Festspillene i Bergen har elevane frå Teaterskolen fått synleggjort teateraktiviteten for om lag 22 300 tilskodarar!

#### SAMARBEIDSPARTNARAR

Vi har hatt stort utbytte av samarbeid med ein teaterpedagog og instruktør frå Irak, på årsengasjement hos VT, utplassert frå A-etat. Han produserte to prosjekt for Teaterskolen, **Fuglenes reise** med 6. klasse, og **Global Kicks** med Teater Ung m. fl.

**Festspillene i Bergen:** Elevar frå Teater Ung deltok i opningsprogrammet for 50 års jubileet. Tale og dikt vart framført som lekk i den store utandørs feiringa som samla 20 000 bergensarar, Kongen og Dronninga, og inviterte gjester frå inn- og utland.

**Barnas Festspilldager:** samarbeid mellom Hordaland Teater, Bergen Kulturskole, Bergen Dansesenter og Vestlandske Teatersenter.

*Programansvarleg*

VT; Vi bidrog også med konferansierar frå Teaterskolen til opninga, samt **Bilder fra Bjørgvin**. 150 barn frå lokale barnehagar i bergensområdet, samt dei yngste elevane frå Teaterskolen deltok for om lag 700 tilskodarar.

#### DELTAKING PÅ FESTIVALAR OG KURS

VT var representert på Barne- og ungdomsteaterfestivalen på Stord med to klassar. Dei framførte **Tornerose** og **Gummelum**. Til saman 40 elevar spelte for om lag 500 tilskodarar.

Året 2002 vart avslutta med ei jubileumsframsyning i høve Vestlandske Teatersenter sitt 35 års jubileum, der samlege 150 elevar deltok saman med lærarane. Med utgangspunkt i André Bjercke sitt dikt **Til kunstneren**, fekk framsyninga tittelen **Kunsten setter spor**.

Tittel på framsyning	Antal medverkande	Antal framsyningar	Publikumstal
Tornerose	20	3	350
Gummelum	20	3	350
Dødsdans TU	14	1	50
4 monologer TU	15	1	50
Huldra TU	15	3	200
Brudesviket TU	5	1	50
Fritt fall *	5	2	200
Papagaya ekspresen	20	3	150
Fuglenes reise	20	2	100
Kunsten setter spor	165	2	430
Apningsforestilling til Festspillene i Bergen	1	1	20000
<b>Totalt</b>	<b>315</b>	<b>23</b>	<b>21980</b>

#### MEDLEMSERVICE OG KONSULENTVERKSEMD

Vestlandske Teatersenter sin medlemsservice er basert på informasjonsverksemd, kurs og konsulenthjelp til amatørteaterlag.

#### OVERORDNA MÅL

*Gjere medlemstilboda meir attraktive for lag og einskild-personar slik at dei finn det interessant og tenleg å veremedlemmar i Vestlandske Teatersenter*

## INFORMASJON

Vi produserte VT-kornet, med 4 nummer i 2002. I tillegg legg vi ut nyheter på heimesidene våre på nettet, med linkar til Norsk Amatørteaterråd (NAT), og dei andre organisasjonane som er knytt til NAT. Her inngår også oversikt over kurs, workshops, festivalar og konferansar i NAT sitt internasjonale nettverk.

## KONSULENTHJELP TIL MEDLEMMANE

Korleis søkje prosjektstønad, reisestønad, og tilskot til opphold på festivalar og konferansar.

## AMATØRTEATERARBEID

VT har i alle år laga kurskatalog med gode kurstilbod for medlemmane. Vi hyrer inn eksterne kunstnarar og pedagogar med spesiell kompetanse innan ulike teaterfagfelt. Vi tilbyr 4 -6 kurs om våren, og 4 kurs om hausten. Kursa vert halde i VT sine lokale i helgene. Dessverre ser vi ein nedgang i etterspurnaden, og har sett oss nøyd til å avlyse 4 av 6 kurs grunna manglende påmelding dei siste åra. Arbeidet med å skaffe fagfolk til kursa, kontraktskriving, produksjon og distribusjon av kurskatalogen er svært resurskrevjande, derfor har leiinga bestemt å la denne tenesten gå ut frå nyttår som ei prøveordning. Vi gir også reduksjon i pris på kurs til medlemmar, samt reduserte prisar for hjelp til lage teaterproduksjonar. Vi vil også tilby VETLU-kurs til medlemmane våre når dei er klare for distribusjon.

## DRAMAS

VT er knytt til Dramas-databasen til Norsk Amatørteaterråd i Oslo. Vi gir konsulenthjelp og sender manus til utlån i lag og organisasjonar. I år 2002 var utlånet 134 manus. Dette er ei reduksjon i forhold til året før. Det skuldast flytting, og langvarig fråkobling frå databasen på grunn av problem med flytting og teknologi. Etter siste flytting, er problema løyst, og vi satsar på betre resultat i 2003.

## KURS OG INSTRUKSJONSHJELP I 2002

VT har arrangert 14 kurs med ulikt innhald og lengde i vestlandsregionen. Vi har halde lyrikkurs for eldre, skrivekurs for vaksne, sminkekurs og teatersport-kurs for barn, ungdom og vaksne.

Vi har instruert russerevy, og laga teaterproduksjonar for barn i utkantkommunar

Navn på kurshaldar	Type kurs	Timar	Stad	Deltakarar barn/vaksne
<b>På VT:</b>				
<b>Vår 2002:</b>				
Eva Bergh	diktkurs for eldre	12	Bergen	13 vaksne
<b>Haust 2002:</b>				
Eva Bergh	diktkurs for eldre	12	Bergen	7 vaksne
Are Kalvø	skrivekurs	8	Bergen	15 vaksne
<b>Kurs i regionen:</b>				
Steinar Thorsen	revykurs	12	Fedje	12 vaksne
Steinar Thorsen	teaterkurs for barn	12	Fedje	25 barn og unge
Steinar Thorsen	teatersport	3	Stord	tilsammen 120
Tone Olsen	teatersport	3	Stord	barn og unge
Tormod Løvold	teatersport	3	Stord	under festivalen
Tormod Løvold	teatersport	12	Førde	12 unge og vaksne
Steinar Thorsen	teatersport	8	Fitjar	15 vaksne
Tone Olsen	teatersport	8	Fitjar	30 elevar ved Fitjar skule
Camilla Svingen	teatersminke	8	Fitjar	12 vaksne
Camilla Svingen	teatersminke	6	Norsk lærarakademi	30 vaksne
Tormod Løvold	teatersport	12	RAT	12 unge

Instruksjon:				
Tone Olsen Solerød	regi og prosjektleiing på framsyning	50	Rognaldsvåg skole	40 barn og unge
Tor Martin Eriksen	russerevyen på Sotra vdg. skule	50	Sotra	40 ungdommer
<b>Totalt</b>		<b>219</b>		<b>463</b>

## 9. VEDTEKTER FOR VESTLANDSKE TEATERSENTER

### §1 Formål

- a. Vestlandske Teatersenter (heretter forkorta til VT) skal vere eit kompetanse og opplæringscenter for teater, med særskilt ansvar for barn og unge.
- b. VT skal auke kunnskapen om teater og drama gjennom kurs og utdanningstilbod.
- c. VT skal arbeide for god scenekunst, fremje ny norsk dramatikk.
- d. VT har ansvar for å ta vare på nynorsk språk og talemål.
- e. VT med sete i Bergen skal ha sine hovudaktivitetar i Hordaland og på Vestlandet. På område der ein har særskilt kompetanse skal VT ha heile landet som verkefelt.

### § 2 Medlemskap

- a. VT er ein frivillig organisasjon der einskildpersonar, frivillige lag, offentlege og private verksemder kan vere medlemmar.
- b. Medlemmane har røysterett på årsmøtet etter følgjande nøkkel: Einskildpersonar over 15 år, ei røyst. Frivillige lag har to røyster; offentlege og private institusjonar tre røyster.
- c. For å ha røysterett må kontingeneten vere innbetalt seinast 30 dagar før årsmøtet.
- d. Utsendingar frå frivillige lag, offentlege og private institusjonar må dokumentere representasjonsretten sin med fullmakt.

### § 3 Årsmøtet

- a. Årsmøtet er høgaste organet i VT
- b. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av april månad kvart år
- c. Røysterettar og fullmakter for delegatane til årsmøtet er definert i paragraf 2
- d. Kvart årsmøte avgjer om det er saker der det skal gjerast avgrensingar i røysteretten.
- e. Framlegg frå medlemmane til saker som skal opp på årsmøtet må vere kome inn til administrasjonen/styret innan 1. februar.
- f. Innkalling til årsmøtet skal kunngjera til medlemmane seinast 30 dagar før møtet vert gjennomført.
- g. Innkallinga skal innehalde: Dagsorden og naudsnyt skriftleg underlagsmateriale til dei sakene som skal handsamast på årsmøtet.
- h. Årsmøtet kan berre handsame dei sakene som er nemnt i innkallinga.
- i. Følgjande saker skal handsamast på eit ordinært årsmøte:
  - Årsmelding og revidert rekneskap.
  - Fastsetje medlemskontingent for neste år.
  - Handlingsplan og budsjett for neste år.
  - Val.
- j. Årsmøtet skal velje:
  - Styreleiar for eitt år
  - ein styremedlem og ein vararepresentant blant medlemmane for ein valperiode på to år slik at ein styremedlem og vararepresentant står for val ved kvart årsmøte.
  - ein styremedlem med personleg vara som representerer foreldra til elevane på Teaterskolen for ein valperiode på to år.
  - tre medlemmar til valnemnda for eitt år
- k. revisor for rekneskapen når det er turvande.
- l. Alle saker på årsmøtet; med unntak av vedtektsendringar, kan avgjeraast med enkel majoritet.

### § 4 Ekstraordinært årsmøte

- a. Det skal innkallast til ekstraordinært årsmøte dersom det blir kravd frå: ordinært årsmøte, styret eller minst 1/3 av medlemane.

- b. Innkallinga skal skje med minst 14 dagars varsel.
- c. Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame dei sakene som er sett opp i innkallinga.

## § 5 Styret

- a. Styret er på 7 personar.
- b. Styret er samansett slik:
  - Styreleiar og to representantar som er valde av eit årsmøte.
  - Ein representant frå foreldra til elevane ved Teaterskolen og som er vald på eit årsmøte.
  - Ein representant peika ut av Hordaland Fylkeskommune.
  - Ein representant peika ut av Bergen kommune.
  - Ein representant peika ut av dei tilsette.
- c. Dei oppnemnde medlemmene frå Hordaland Fylkeskommune, Bergen kommune og dei tilsette har personleg vara,
- d. Det står fritt for fylket og kommunen til å endre på representasjonen når det høver for dei, utan omsyn til årsmøte i VT.
- e. Styret er vedtaksført når minst 4 medlemer er til stades.
- f. Styret har ansvar for å leie laget i samsvar med vedtekten og dei vedtak årsmøtet gjer.
- g. Styret skal seg imellom velje nestleiar og oppnemne eit Arbeidsutval, og gje Arbeidsutvalet naudsynte fullmakter.
- h. Dei tilsette sin representant i styret skal vere med i Arbeidsutvalet.
- i. Ved likt røystetal har styreleiar rett til å nytte si dobbelrøyst.

## § 6 Økonomi, forvaltning og revisjon

- a. Rekneskapen i VT følgjer kalenderåret
- b. Styret har ansvar for at rekneskapen vert bokført etter godkjende prinsipp.

## § 7 Vedtekstendringar

- a. Framlegg til endringar i vedtekten må vere styret/administrasjonen i hende seinast 1 februar.
- b. Framlegg til endringar i vedtekten skal sendast ut til medlemmene seinast 30 dagar før årsmøtet.
- c. Endringar i formåls- og endrings- og oppløysingsparagrafen (§1, § 7 og §8) krev  $\frac{3}{4}$  fleirtal på eit årsmøte.
- d. Andre endringar i vedtekten krev 2/3 fleirtal på eit årsmøte.
- e. Endringane trår i kraft frå det tidspunktet som årsmøtet fastset.

## § 8 Opplysing

- a. Framlegg om oppløysing av VT krev  $\frac{3}{4}$  fleirtal på to påfølgjande årsmøte; eitt av desse skal vere ordinært årsmøte.
- b. Dersom det vert gjort gyldig vedtak om oppløysing, skal det oppnemnast eit avviklingsstyre, som i samråd med Hordaland Fylkeskommune skal arbeide for at eventuelle midlar som måtte vere til overs vert nytte til beste for kulturtiltak på Vestlandet etter føremålet som VT har arbeidd for.

---000---

Vedteke på årsmøtet på Norlandia Grand Hotell, Leirvik, Stord den 8 april 2000 og med endring i § 2 punkt b) som vart vedteke på årsmøtet i Bergen 7. juni 2001

**Vestlandske Teatersenter**  
Kalmargaten 6, 5011 BERGEN, Norge  
Telefon 55 90 47 30 [www.teatersenter.no](http://www.teatersenter.no) Telefax 55 90 47 31